



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sissel Hol, 71 25 84 49

Invitasjon til innspel om skjønnsmidlar og Fylkesløft for 2022

Statsforvaltaren inviterer kommunane i Møre og Romsdal til å kome med innspel til skjønnstildelinga for 2022. Ein del av skjønnssramma skal gå til innovasjon og utvikling i kommunane. Satsingsområda for 2022 står lista opp under *Fylkesløft/prosjektskjønn*.

Statsforvaltaren tildeler kvart år skjønnsmidlar til kommunane og har ansvaret for å kome fram til ei god og rettferdig tildeling av skjønnsmidlane mellom kommunane i fylket. Innspel frå kommunane er viktig for å oppnå ei så rettferdig tildeling som råd.

Retningslinjer for skjønnstildelinga og skjønnssramma som skal tildelast i 2022 kjem ikkje før i juni, og det er først da vi får vite kor stor ramma for Møre og Romsdal blir. Vi har som mål å tildele så mykje som mogleg av ramma til statsbudsjettet den 13.oktober, slik at skjønnsmidlane til kommunane er kjent før det nye året startar og kan takast med i budsjettet.

Tildeling av skjønnsmidlar

Vi ønskjer innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela frå kommunane vil bli vurdert i forhold til m.a. inntektssystemet og andre tilskotsordningar, og i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket i den grad det lar seg gjere. Fristen for søknad om skjønnsmidlane er 1. juni 2021.

Vi vil uansett vurdere følgande kriteria i tråd med praksis frå tidlegare år:

Språkdeling

Kommunar som må opprette eigne klassar som følgje av pålagt språkdeling, vil få kompensasjon. Vi nyttar tal frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) og har såleis ikkje behov for ytterlegare innspel om kommunen ikkje finn det naudsynt.



Barnevern

Vi nyttar allereie innsamla statistikk frå kommunane og kompenserer dei kommunane som har relativt mange barn under omsorg i høve til gjennomsnittet for fylket. Kommunane med mange barn under omsorg vil bli ivareteken gjennom eksisterande rapportering. Om kommunen har synspunkt utover dette kan det spelast inn.

Skyss av helsepersonell

Kommunar som har store utgifter knytt til transport av helsepersonell (til dømes med ambulansébåt) får kompensert ein del av dei ekstra utgiftene. Vi ber dei aktuelle kommunane sende inn dokumentasjon for slike utgifter. Vi gjer merksam på at det berre er dei som sender inn dokumentasjon som vil bli delvis kompensert.

Ressurskrevjande tenestemottakarar

Kommunar som har høgare utgifter enn gjennomsnittet i fylket vil få kompensasjon. Vi nyttar rapporterte tal til Helsedirektorat i toppfinansieringsordninga.

Spesielle saker

Kommunane kan spele inn vesentlege utgifter som kommunen sjølv ikkje kan påverke. Desse kan vere av midlertidig karakter. Døme på saker vi har kompensert tidlegare år er flaum, steinskred og fleire liknande saker.

- Innspel om skjønnsmidlar kan sendast til sfmrpost@statsforvalteren.no
- **Merk sendinga 2021/1200**
- Søknadsfrist for skjønnsmidlar og ekstra kriseskjønn er **seinast den 1. juni**

Fylkesløft/prosjektskjønn

Ein del av skjønnsramma skal bidra til fornying og utvikling i kommunane gjennom fylkesløft/prosjektskjønn. I samband med omlegginga av skjønnsmidlane dei siste åra, så ønskjer vi ei dreiiing av projektskjønn til i større grad å bidra til *Fylkesløft*. Prosjekt *Møre og Romsdal 2025* er etablert som ein følge av regionreforma. Det er difor viktig for vidare utvikling av alle kommunane i Møre og Romsdal at vi jobbar enda meir samordna i regional stat og med fylkeskommunen, slik at vi kan posisjonere oss inn i det nye regionlandskapet. Statsforvaltaren ser difor for seg at store deler av projektskjønnsmidlane dei neste åra vil bli prioritert til tiltak som **vil vere eit løft for alle kommunane i fylket**.

Kommunesektoren er i omstilling med utfordringar knytt til økonomi, innsparing av kostnader, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetting om å effektivisere drifta. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikle og modernisere kommunesektoren. Statsforvaltaren ønsker å stimulere kommunane til prosessar innan og mellom kommunar for å kunne utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta. I hovudsak prioriterer vi å støtte samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar, mellom anna for at projektmidlane skal få større nedslagsfelt og gi betre læringseffekt.



Søknadsprosedyre for Fylkesløft/prosjektskjønn

Fylkesløft blir tildelt etter egne [retningslinjer frå departementet](#). Søknader som ikkje oppfyller vilkåra i retningslinene vil bli avslått.

- Det er berre kommunar som kan søke om midlar og stå som ansvarlege for prosjekta.
- Prosjekta skal skissere målsetting, metode og kva resultat ein vil oppnå.
- Søknaden må kvalitetssikrast og ha godkjenning av rådmann/kommunedirektør.
- Statsforvaltaren oppmodar om at kommunane samarbeider om prosjekt.
- For å sikre kommunal prioritering, er det eit krav om minst 50 prosent kommunal eigenfinansiering av prosjekta.
- Søknadar som inneheld element av ordinær drift vil ikkje bli prioritert.

Søknadar skal sendast gjennom den «[Integrerte søknads- og rapporteringsdatabasen](#)» prosjektportalen (ISORD). For å ta i bruk søknadsportalen må det opprettast brukarkonto for kvar søkarkommune.

For å logge på prosjektportalen (ISORD) gå til denne sida:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/>

For meir informasjon gå inn på: <https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommunal-fornyning/>

Søknadsfrist for Fylkesløft/prosjektskjønn er 1. juni 2021.

Satsingsområde for Fylkesløft/prosjektskjønn i Møre og Romsdal i 2022:

1. Berekraftsfylket Møre og Romsdal

Under paraplyen «Møre og Romsdal 2025» har prosjektet «*berekraftsfylket Møre og Romsdal*» kome godt i gang med kartlegging av indikatorar (U4SSC) for alle kommunane i fylket. Neste trinn i arbeidet er at kvar kommune får sin rapport til gjennomgang før endeleg godkjenning i FN/ITU. Berekraftsfylket er ei toårig satsing der 2021 er det første året. I 2021 blei det gitt 4 millionar til prosjektet fordelt slik:

- **Kristiansund;** 1 million til ei 100 % stilling; 50 % til Kristiansund kommune, og 50 % til dei andre kommunane på Nordmøre.
- **Molde;** 1 million til ei 100 % stilling; 50% til Molde kommune, og 50 % til dei andre kommunane i Romsdal.
- **Ålesund,** 2 millionar til to 100 % stillingar: Begge stillingane er lagt til Ålesund kommune, og til FN-labben. Den eine stillinga fungerer som prosjektkoordinator for heile fylket. Den andre stillinga skal i all hovudsak jobbe mot dei andre kommunane på Sunnmøre.



Det må sendast søknad for 2022 om kommunane ønskjer tilskot for andre året i prosjektet.

2. Ungt entreprenørskap

Under paraplyen «Møre og Romsdal 2025» er prosjektet «*Ungt entreprenørskap*» også ei satsing. I Møre og Romsdal treng vi fleire gründerar. Det er allereie ei satsing gjennom Møre og Romsdal fylkeskommune i vidaregåande skolar. Vi ønsker at barne- og ungdomsskolane skal komme meir på banen. Det er eit klart mål å få med flest mogleg av kommunane på denne satsinga. Statsforvaltaren ser for seg at kommunane kan søkje om dekning av kostnad per innbyggjar, og at eigenandelen er kommunane sin ressursbruk inn i dette. Det blei gitt tilskot til tre kommunar i 2021 og satsinga blir vidareført i 2022.

For nye kommunar og kommunar som allereie har fått tilskott, må det søkast kvart år.

3. Barn og Unge

Kommunedirektørutvalet har spelt inn at det er ønskjeleg med ei satsing på barn og unge. Pandemien har vist at det kan vere behov for nye og andre tiltak retta mot denne gruppa. Statsforvaltaren opnar for å søke på prosjektskjønn til fornyings- og utviklingsprosjekt som kan førebygge at fleire barn og unge opplever utanforskap, helseplagar og utryggheit. Det vil bli fokusert på førebyggande tiltak.

4. Helseplattforma

Arbeidet med Helseplattforma (Helseplattforma innfører ny pasientjournal for sjukehus, kommunar, fastlegar og private spesialistar i Midt-Norge) har fått tildelt midlar i tre år, der 2021 skulle vere det siste året. Statsforvaltaren har gitt støtte til 4 koordinatorar fordelt på Sju Stjerna v/ Herøy kommune, Orkidé v/Kristiansund kommune, Nordre Sunnmøre v/Ålesund kommune og ROR v/ Molde kommune. Prosjektet blei forsinka da koronapandemien råka oss og styret i Helseplattforma har vedtatt revidert tidsplan. Den viser at løysningar skal vere ferdig testa i 2021 og at opplæring og utrulling truleg vil skje i 2022 og 2023 i Møre og Romsdal. Statsforvaltaren ønskjer å vidareføre arbeidet med Helseplattforma i fylket fram til implementering i kommunane. Søknad på fylkesløft/projektskjønn bør vise korleis opplæring og implementering skal gjennomførast.

Rapportering

Rapportering for projektskjønn 2021 må gjerast i same prosjektportal (ISORD):

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>

Frist for rapportering for 2021-prosjekta er **01.06.2021**.

Spørsmål knytt til skjønnstildelinga kan rettast til:

Sissel Hol 71 25 84 49 fmrsiho@statsforvalteren.no

Spørsmål knytt til Fylkesløft/projektskjønn kan rettast til:

Anne Thorsrud 71 25 85 08 antho@statsforvalteren.no



Med helsing

Berit Brendskag Lied (e.f.)
ass. statsforvaltar

Sissel Hol
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakere:

Gjemnes kommune	Rådhuset, Nordmørsvegen 24	6631	BATNFJORDSØRA
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Kristiansund kommune	Postboks 178	6501	KRISTIANSUND N
Fjord kommune	Olavsgata 10	6210	VALLDAL
Surnadal kommune	Bårdshaugvegen 1	6650	SURNADAL
Sykkylven kommune	Rådhuset, Kyrkjevegen 62	6230	SYKKYLVEN
Vestnes kommune	Rådhuset	6390	VESTNES
Giske kommune	Rådhuset, Valderhaug 4	6050	VALDERØY
Rauma kommune	Vollan 8 A	6300	ÅNDALSNES
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA
Ulstein kommune	Pb. 143	6067	ULSTEINVIK
Vanylven kommune	Rådhuset	6143	FISKÅBYGD
Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Smøla kommune	Postboks 34	6571	SMØLA
Tingvoll kommune	Midtvågvegen 2	6630	TINGVOLL
Ålesund kommune	Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Volda kommune	Stormyra 2	6100	VOLDA
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6153	ØRSTA
Averøy kommune	Postboks 152, Bruhagen	6538	AVERØY
Sande kommune	Rådhuset	6084	LARSNES
Sula kommune	Postboks 280	6039	LANGEVÅG
Aukra kommune	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
Aure kommune	Postboks 33	6689	AURE
Hustadvika kommune	Tingplassen 1	6440	ELNESVÅGEN